

Ny rapport stadfester varmare klima

AUKE: Heitebølgjene vi no ser i Europa, vil det bli mange fleire av i framtida. I Noreg vil vekstsesongen i landbruket kunne auke med opptil tre månader.

KLIMA

Av Nina Haabeth

Forskarar ved Norsk Klimaservicesenter (KSS) og Bjerknessenteret for klimaforsking har utarbeidd ein ny rapport om klimaendringar og konsekvensane dette har for temperaturane mot slutten av dette hundreåret.

Rapporten, som har brukte nye og betre metodar for å fange opp endringane, gir ei sikrare stadfesting på at vi går varmare tider i møte.

Forskarane har tatt utgangspunkt i utvikling når det gjeld klimatiltak og reduksjon av klimagassar. Uansett modell får vi ein temperaturauke- også her til lands. Konsekvensane kan bli dramatiske i middelhavslanda.



VARMARE: Meir varme kan gi jordbruket lengre sesong. Men det kan òg gi vassmangel og helseplager. Kor varmt det blir, avheng av klimatiltaka våre.

FOTO: KYRRE LIEN, NTB SCANPIX

Varmare dagar

– Midt på treet-modellen tilseier at sommartemperaturen i snitt for Noreg vil auke med 0,7 grader i det lågaste ut-

slippscenarioet, mens vi truleg vil få ei gjennomsnittleg oppvarming på 2,9 grader i heile landet sett under eitt om vi ikkje får klimatiltak.

– Talet på varme dagar (dagar med gjennomsnittstemperatur på over 20 grader i Noreg vil auke mange stader mot slutten av hundreåret. Det fø-

rer blant anna til lengre vekstsesong i landbruket og til færre fyringsdagar om vinteren, fortel ein av hovudforskaran bak den nye rapporten, Stephanie Mayer, tilsett i Uni research og bunde til Bjerknessenteret og KSS.

– Det vil også føre til kortare snøsesong, legg ho til.

Lengre vekstsesong

– Midt på treet- modellen viser at vi vil få ein auke på ein månad i indre strøk av Austlandet og i Nord-Noreg, mens resten av landet får meir enn to månader lengre sesong, fortel Mayer.

For utslippscenarioet utan klimatiltak, altså med den høgste temperaturstigninga på 2,9 grader Noreg sett under eitt, vil vekstsesongen bli utvida med enda ein månad.

– Dette gir ein vekstsesong som er rundt to månader lengre i indre strøk av Austlandet og Nord-Noreg, og to-tre månader lengre langs heile kysten.

Dramatiske heitebølgjer

Denne veka har Europa hatt temperaturar over 40 grader.

– Heitebølgjene vil komme oftere med klimaet i framtida. I middelhavslanda vil det kunne gi helseproblem og vassmangel, seier Mayer. ©NPK

TRONDHEIM 28. JULI – 2. AUGUST 2015

HKB Reklamebyrå Foto: Ole Eikær



MARIT LARSEN/VIOLET ROAD

BORGGÅRDEN, TORSDAG 30. JULI KL. 20.30

VALKYRIEN ALLSTARS

SPAREBANK1-SCENEN, LØRDAG 1. AUGUST KL. 21.00

THE VEIL OF THE TEMPLE

NIDAROSDOMEN, 1. AUGUST KL. 22.30

SAMTALE I DOMEN:

BISKOP TOR SINGSAAS I SAMTALE MED EDVARD HOEM
NIDAROSDOMEN, LØRDAG 1. AUGUST KL. 19.00

PATTY GRIFFIN

DOWNTOWN CHURCH

VÅR FRUE KIRKE, TORSDAG 30. JULI KL. 21.00



Olavsfestdagene

Opplevelser som berører